

Nettet 4. trinn

Personvern på nett

1. Introduiser timen og start med å sjå [Barn og unge på nett - YouTube](#). La elevane snakke litt med kvarandre etterpå om kva dei la merke til i filmen, eller snakk saman i klassa.

2. Sjå [Personvern er en grunnleggende rettighet on Vimeo](#)



Kva har andre lov å dele av informasjon om oss?

I utgangpunktet er svaret nei på alle desse eksempla. Men på «bilde av meg i lag med mange andre» er det slik at media har lov å ta bilde av ein stor flokk med menneske og dele denne utan å få løyve frå alle på bildet.

3. Sjå denne om mammaen som ukritisk deler om sonen sin. Filmen er på dansk, så kanskje bør du forklare litt kva som skjer før de ser den: [Uploaded \(norske undertekster\) - YouTube](#)

Kva er ein god huskeregel for kva vi deler på nett?

Få elevane til å snakke saman og lage forslag til huskeregel, og vert einige om ein i klassa. Eksempel kan jo vere at det vi deler skal vere snilt og sant + at det skal vere greitt for den det handlar om.

4. Denne songen handlar om å dele bilder [Du har lov å si nei \(karaoke-versjon\) on Vimeo](#)

• Er det lett å sei nei til å bli tatt bilde av?
• Kva kan vere grunnar til at barn ikkje har lyst å bli tatt bilde av?
• Kva kan skje med bilde av barn om dei blir lagt på nett?

- Er det lett å sei nei til å bli tatt bilde av?
- Kva kan vere grunnar til at barn ikkje har lyst å bli tatt bilde av?
- Kva kan skje med bilde av barn om dei blir lagt på nett?

5. Desse to filmane handlar om kva vi barn deler på nett. Sjå ein eller begge og snakk om det som skjedde: [Var det DU som sendte den dritkjipe meldinga? on Vimeo](#) og [Hvordan vil DU bli sett? on Vimeo](#)

6. Treng de litt aktivitet? Bruk gjerne denne, eller ein av dei andre på denne sida: [Brain Break - Spring Would You Rather? - YouTube](#) Det er ikkje så viktig om dei forstår alternativa, dei skal først og fremst velje ein aktivitet og gjere denne.

7. avslutt gjerne med å bruke meir tid på huskereglar for deling.

Kva er ein god huskeregel for kva vi deler på nett?